



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/6249-1

## **Klage frå Stiftinga Den Norske Bokbyen på avslag på søknad om kulturmidlar**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Klagen frå Stiftinga Den Norske Bokbyen vert ikkje teken til følgje.

#### Vedlegg:

- Søknad, dagsett 01.14.16
- Klage, dagsett 10.05.16

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Vedlegg til søknaden (budsjett)
- Vedtak om avslag på søknad, dagsett 21.04.16
- Underinstansen si handsaming av klagen, dagsett 04.07.16
- Oversending til fylkesrådmannen, dagsett 07.07.16

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen fordeler årleg kulturmidlar til lag, kulturorganisasjonar og ulike kulturaktivitetar. Informasjon om kulturmidlane er tilgjengeleg her:  
<http://www.sj.no/kulturmidlar-til-allment-kulturarbeid.340484.nn.html>

Den Norske Bokbyen sökte ved brev av 14.01.16 fylkeskommunen om kr 200 000,- i kulturmidlar. Bokbyen fyller 20 år i 2016, og vil markere dette med fleire ulike tilstellingar i jubileumsåret, m.a. jubileumsmarkering, boknatta og open dag i bokbyen, sjå vedlagde søknad. Det går fram av søknaden at dei samla kostnadane ved arrangementa er stipulert til 650 000 kr.

Fylkesdirektør for næring og kultur avslo søknaden ved avgjerd dagsett 21.04.16. I vedtaket vart det framheva at fylkesdirektøren ser det som viktig og verdifullt å ta vare på og formidle litteratur. Fylkesdirektøren lovvde likevel ikkje midlar til gjennomføring av aktivitetar i jubileumsåret, då fylkeskommunen sin innsats for bøker og litteratur vert gjort gjennom fylkesbiblioteket sitt arbeid.

Bokbyen klaga på avgjerala ved brev dagsett 10.05.16. Fylkesdirektøren handsama klagen som underinstans ved brev av 04.07.16, og tok ikkje klagen til følgje. Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, og tek endeleg avgjerd i saka.

### **2. Klagaren har hovudsakleg gjort gjeldande**

Som grunnlag for klagen syner stiftinga til at bokbyen har eit unikt tilbod med bøker av alle slag, som ikkje er tilgjengelege andre stadar. Dei yter service gjennom heile året både til private, og ulike bibliotek. I tillegg er det å vere i Bokbyen ei oppleving i seg sjølv.

Vidare er bokbyen ifølgje stiftinga ein viktig reiselivsaktør, og av stor tyding for reiselivs- og næringsutviklinga i Fjærland. Stiftinga har eit sterkt ønske om at besökande skal få ei god oppleving, og vil ha arrangement der boka er i sentrum. For å få dette til er dei avhengige av støtte. Besøkjande er bokinteresserte frå heile verda, men ifølgje klagar betyr Bokbyen noko ekstra for mange frå vårt eige fylke.

Stiftinga skriv også at Bokbyen har gjeve mange forfattar og kulturformidlarar frå vårt fylke ei scene eller eit arrangement. Framover vil satsing på barn og unge verte høgt prioritert.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Det følgjer av fylkeskommunen sine retningslinjer for kulturarbeid at aktivitetsstønad vert gitt til aktivitetar av kulturell karakter, som har allmenn interesse, verknad for heile eller ein større del av fylket eller syner nye vregar i kulturarbeidet. Tilskotsordninga femner om fleire emne; born og unge, frivillig kulturarbeid og kulturformidling.

Aktivitetsstønad vert gitt etter ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, innanfor dei til ei kvar tid gjeldande kulturpolitiske satsingar. Midlane skal nyttast til satsingar som korresponderer med regionale planar og handlingsprogram, og kulturstrategien sine satsingsområde.

Fylkesdirektøren vurderte klagen frå Stiftinga Den Norske Bokbyen slik:

*Stiftinga Bokbyen kjem i sin klage med meir detaljerte opplysningar, men fylkesdirektøren finn ikkje at det er nye moment i klagen, eller at det er gjort sakshandsamingsfeil i saka.*

*Den norske bokbyen er eit unikt tilbod i Sogn og Fjordane, og gjer eit godt arbeid for å bringe litteratur ut til folket og yte service til folk som interesserte i bøker og litteratur. Samstundes som sjølve bokbydrifta skal lønne seg, har dei også formidlingstilbod som kostar, men som ikkje gir særleg store inntekter. Fylkesdirektøren ser positivt på den målretta satsinga bokbyen gjer for å prioritere barn og unge. Til formidlingsarbeidet, særlege satsingar, o.l. kjem statstilskot og ymse prosjekttilstskot inn som finansieringskjelde. Frå fylkeskommunen si side har jubileumsarrangement/markeringar ikkje vore prioritert ved fordeling av kulturmiddlar.*

*Fylkeskommunen sin innsats til litteratur har i hovudsak vore prioritert gjennom fylkesbiblioteket sitt arbeid, og ved varierande enkeltilskot, t.d. til litteratursatsinga i regi av Jakob Sande-selskapet og Nynorske litteraturdagar i Aurland. I dette bilde vil også Den norske bokbyen kunne ha ein plass. Det er trong for, og ønskje om å drøfte dette nærmare, og fylkesdirektøren viser til samtaler rundt bokbyen si vidare satsing. Det er avtalt å møtast att tidleg haust 2016 for meir konkrete samtaler rundt bokbyen sine utfordringar, og fylkeskommunen si rolle overfor/i samarbeid med Den norske bokbyen. Fylkesdirektøren vil legge utfallet av desse samtalane til grunn for fylkeskommunen sitt engasjement overfor Den norske bokbyen.*

Til liks med fylkesdirektøren ser fylkesrådmannen positivt på Bokbyen sitt arbeid med å bringe litteratur ut til folket, og den målretta satsinga på born og unge. Ut frå den økonomiske ramma fylkeskommunen har til disposisjon for tilskot til allment kulturarbeid, må det likevel gjerast stramme prioriteringar av søknadene. I 2016 løyvde fylkeskommunen kulturmiddlar til 62 av dei 98 tiltaka som vart vurderte. (<http://www.sj.no/midlar-til-kulturarbeid.5860027-337387.html>) Som det går fram av fylkesdirektøren si handsaming av klagen, brukar ikkje fylkeskommunen å prioritere jubileumsarrangement/markeringar ved fordeling av kulturmiddlar. Dessutan vert fylkeskommunen sin innsats for litteratur hovudsakleg prioritert gjennom fylkesbiblioteket sitt arbeid.

Fylkesrådmannen tiltrer argumentasjonen og synspunkta til fylkesdirektøren, og tilrår såleis at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

Dersom klagenemnda skulle ta klagen heilt eller delvis til følgje, vert løyvinga dekt over kulturavdelinga sitt budsjett, teneste 7900.

#### **4. Konklusjon**

På bakgrunn av retningslinjene for kulturmidlar rår fylkesrådmannen til at klagenemnda ikkje tek klagen til følgje.